



Galteråsen Eiendom AS  
Galteråsen 10A  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/78 - 17/32070

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
10.11.2017

## Innkalling til møte/tilsyn vedkomane oljeutskiljar - gbnr 137/775 Galteråsen

Teknisk drift syner til vårt brev av 03.04.2017 der vi etterlyser årsrapport for oljeutskiljaranlegg ved gbnr 137/775. Vi kan ikkje sjå å ha motteke denne dokumentasjonen.

Vi har motteke ferdigmelding frå røyrleggar om at det er installert oljeutskiljar med nominell størrelse NS 6 på gbnr 137/775. I vårt brev av 03.04.2017 vart det på bakgrunn av manglande innrapportering av anlegg gitt førehandsvarse om tilsyn. Galteråsen Eiendom AS fikk frist til 18.04.2017 å sende inn årsrapport for anlegg.

Teknisk drift har, per dags dato, ikkje motteke årsrapport som dokumenterer drift og vedlikehald av anlegg. Vi har heller ikkje motteke dokumentasjon på at anlegg stettar krav til oljeinnhald i utsleppsvatn. På bakgrunn av manglande rapportering av anlegg ser vi behov for å føre tilsyn.

Teknisk drift kaller inn til møte/tilsyn: **Måndag 27.11.2017 kl. 09.00** Rådhuset i Knarvik. Avdelingsleiar for vatn og avløp er kalla inn til møtet.

Vi ber om at følgjande dokumentasjon vert lagt frem på møte:

- Årsrapport for 2016. Årsrapporten skal innehalde følgjande dokumentasjon:
  - Dokumentasjon på utført tømning og vedlikehald av anlegg,
  - Analyse av utsleppsvatn. Prøve skal være analysert av godkjent laboratorium. Oljeinnhaldet skal ikkje overstige 50mg/l, målt som totale hydrokarbon
- Tømmeavtale med godkjent tømmefirma.

*Det er med heimel i forureiningsforskrifta § 15-2 at kommunen skal føre tilsyn med utskiljaranlegg som nemnt i § 15-1. Dette gjeld påslepp av oljehaldig avløpsvatn til kommunalt leidningsnett frå, blant anna, bensinstasjoner, vaskehaller, garasjer, verkstader etc. Det er med heimel i «Standard abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser» at Teknisk drift har sett krav om innsending av årsrapport for anlegg i gitte løvye.*

Med helsing



Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Galteråsen Eiendom AS

Galteråsen 10A 5916

ISDALSTØ